



DEN NORSKE KYRKJA  
Gol Kyrkjeleg Fellesråd

Fornyings- og administrasjons- og kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8004 Dep.  
0030 OSLO

Jounalnr: 155/12

Arkiv: 501

Vår ref.: AGJ

Dato: 01.11.2012

### Høyringssvar

#### Forslag til endringar i gravferdsforskriftene

Gol kyrkjeleg fellesråd takkar for høve til å gje svar på høyringa om nye gravferdsforskrifter og gir med dette tilbakemelding på skriv 12/1719.

Gol kyrkjeleg fellesråd handsama denne saka FR –sak 38/12 i møte 17.10.2012 og ynskjer å koma med følgjande uttale:

«Punkt som fellesrådet ikkje har gitt noko uttale på er i samsvar med kva fellesrådet tenker. Fellesrådet vil likevel påpeike at det er svært positivt at det blir stilt krav om organisk materiale i askeurner og ser også positivt på at jordoverdekninga er redusert til 0,8 m. Fellesrådet ser også positivt på at det kjem inn ei regulering på at det berre er levningar etter menneske som kan gravleggast på ein gravplass.

På følgjande punkt vil Gol kyrkjeleg fellesråd koma med ei uttale:

**Punkt 3.3: Bør det kunne dispensesast frå kravet om kiste ved gravlegging.**

Gol kyrkjeleg fellesråd meiner at fellesrådet kan gje dispensasjon for gravlegging utan kiste der dette er viktig i forhold til livssynet til avdøde. Det må vera mogleg for fellesrådet å stille krav til pårørande i slike tilfelle, blant anna om at pårørande sjølv må fylle att grava.

Det vil vera ein del praktiske spørsmål som ikkje er omtala i forskrifa og som bør avklara om dette blir vedteke. Kva med transporten av den døde fram til grava- korleis skal dette skje og kven tek ansvar for det? Dersom kiste skal brukast då – kven tek vidare hand om kista og kven har det økonomiske ansvaret ved slike høve?

**Punkt 8: Gravlegging**

Då den nye gravferdslova vart vedteken i 2011, var fristen for gravlegging mykje diskutert. Forslaget var 14 dagar, men enda på 10 virkedagar etter at høyringa var over. Dersom laurdag ikkje skal telle med som virkedag, vil dette i praksis seja at fristen likevel er 14 dagar og signala frå sist høyring er då ikkje teke til følge. Gol kyrkjeleg fellesråd meiner at laurdag må telle med som virkedag når ein set fristen for gravlegging.

Adresse:

Kyrkjekontoret  
Gol Kommunehus  
3550 Gol

Telefon 32 02 90 00

Telefax 32 02 90 10

E-post: [kyrkja@gol.kommune.no](mailto:kyrkja@gol.kommune.no)

Bankgiro: 2324 07 12296

Org. nr.: 979 173 784

Det er vidare foreslege at ein representant frå gravplassen som hovudregel skal vera til stade under kistegravlegging. Gol kyrkjeleg fellesråd meiner at ordet «hovudregel» bør strykast. Det vil seia at det alltid skal vera ein representant frå gravplassen til stade i slike høve. Denne representanten må ivareta tryggleiken og ha oversikt over gravplassen sjølv om pårørande sjølve fyller att grava.

#### **Punkt 10.2. Fundament.**

Det er foreslege at «*der hvor grunnforholdene tilsier det, skal det stilles krav om pukksetting i same bredde som fundamentet*». Gol kyrkjeleg fellesråd meiner det uansett grunnforhold er ein fordel med pukksetting og foreslår setninga endra til: «*Det blir stilt krav om pukksetting i same breidde som fundamentet ved nedsetting av nye gravminne og endring av gamle gravminne*».

#### **Punkt 11.4. Gjenvinning av metallrester etter kremasjon**

I dei nye forskriftene er det foreslege gjenvinning av protesar og liknande som ikkje brenn opp ved ein kremasjon. Det er derimot ikkje sagt noko om alle metallrester som etter kvart vil bli grave opp på kyrkjegardane og som ikkje har forvitra. Dette vil vera materiale både etter nedgravne av slike gjenstandar etter kremasjon og ikkje minst i kistegraver. Gol kyrkjeleg fellesråd meiner at forskriftene også må innehalde eit punkt om korleis desse metallgjenstandane skal handsamast og eventuelt gjenvinnast på same måten som det er gjort ved kremasjon.»

Gol kyrkjeleg fellesråd

Anne Gerd Jørde  
kyrkjeverje

